



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
21.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/961
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/ rådmann

Tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0-6 år

Fylkesmannen melder om tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0-6 år i alle kommunane som vi ikkje førte tilsyn med i 2013. Tilsynet blir gjennomført med heimel i helsetilsynslova § 2 og helse- og omsorgstenestelova § 5-9.

Føremålet er å få oversikt over om kommunane i fylket har lagt til rette og ser til at helsestasjons-tenestene tilfredsstillir krav som følgjer av lov og forskrift.

Kommunane får tilsendt lenkje og passord til spørjeskjema som vi ber om at leiande helsesyster svarar på innan 15. mars 2014.

<https://eskjema.fylkesmannen.no/more/wizard/wizard.jsp?wizardid=754>

Passord er: tls4102

Den som svarar vil ikkje ha tilgang til andre opplysningar enn dei han/ho sjølv legg inn og vil få kopi av svaret sitt i e-post.

Spørjeskjemaet omfattar same tema som ved det landsomfattande tilsynet med helsestasjonstenestene i 2013. Spørsmåla er i hovudsak formulerte som påstandar med svaralternativ ja/nei og med høve til å gje enkelte utfyllande kommentarar. Avslutningsvis spør vi om kommunens planar for vidare utvikling av helsestasjonstenesta.

Ved tilsyn med helsestasjonane i 2013 undersøkte vi om kommunane ved systematisk styring og forbetring sørgjer for at

- alle barn i aldersgruppa 0-6 år får forsvarlege helsekontrollar
- helsestasjonen medverkar til at barn/familiar med spesielle behov får nødvendige og koordinerte tenester
- tenestetilbod ved helsestasjonen er tilpassa språkbakgrunn til barn og foreldre
- helsestasjonen gir fagleg forsvarleg rettleiing om kosthald for å førebyggje feilernæring

Lovverk som ligg til grunn er:

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter

- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 3. april 2003 nr. 450 om kommunens helsefremmende og forbyggende arbeid i
- helsestasjons- og skolehelsetjenesten
- Forskrift av 16. desember 2011 nr. 1255 om rett til helse- og omsorgstjenester til personer uten fast opphold i riket
- Forskrift av 16. desember 2011 nr. 1256 om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Vi utarbeider rapport på bakgrunn av svara. Rapporten legg vi ut på nettsida vår og sender han til alle kommunane og Helsetilsynet.

Kommunane vi førte tilsyn med helsestasjonstjenestene i 2013 er: Askøy, Bergen, Fjell, Stord og Os. Rapportane finn de på nettsida vår, fylkesmannen.no/hordaland – tilsyn.

Ver venleg å ta kontakt dersom de har spørsmål. Kontaktperson er Anne Grete Robøle.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kommunane i Hordaland v/leiande helsesystemer